

Forskrift om fiske i vassdrag med laks og sjøaure, Rogaland.

§ 1. Definisjonar

Døgnkvote: Tal på laks og/eller sjøaure som kvar fiskar kan fange kvart døgn.

Kroka fisk: Ein fisk er definert som kroka dersom kroken ikkje sit i eller tett attmed kjeften.

Vinterstøing: Laks eller sjøaure som har overvintra i elva.

Innlandsfisk: All annan fisk i vassdrag enn laks og sjøaure.

§ 2. Fisketider

På elvestrekningar med laks eller sjøaure gjeld fisketidene også for innlandsfisk, dersom ikkje anna er nemnt i forskrifta. Det er ikkje tillete å fiske etter ål. Fisketida gjeld frå og med den første dagen kl. 00.00 til og med siste dagen kl. 24.00.

Vassdrag	Kommune	Opna for fiske på	Fisketid
Sira	Sokndal	Laks	1.juli - 31. august, sjå § 7a
Sokndalselva	Sokndal	Laks og sjøaure	15. juni - 20. september, onsdag til og med søndag
Hellelandselva	Eigersund	Laks og sjøaure	1. juli - 20. september
Bjerkreimselva	Eigersund	Laks og sjøaure	1. juni - 20. september, sjå § 7b
Ogna	Hå	Laks og sjøaure	1. juni – 10. september
Fuglestadelva	Hå	Laks og sjøaure	1. juli – 20. september
Kvassheimsåna	Hå	Laks og sjøaure	1. juli – 10. september
Søndre Varhaugelv	Hå	Laks og sjøaure	1. juli – 10. september
Nordre Varhaugelv	Hå	Laks og sjøaure	1. juli – 10. september
Håelva	Hå	Laks og sjøaure	15. juni - 20. september
Orreelva	Klepp		Ikkje opna for fiske
Figgoelva	Klepp	Laks og sjøaure	15. juni - 20. september
Storåna	Sandnes	Laks	1. august – 31. august
Dirdalselva	Gjesdal	Laks	15. juni – 31. august
Frafjordelva	Gjesdal	Laks	15. juni - 31. august, onsdag til og med søndag
Espedalselva	Forsand	Laks	1. juni - 31. august, torsdag til og med søndag
Eiaelva	Forsand		Ikkje opna for fiske
Lyseelva	Forsand	Laks og sjøaure	15. juni - 20. september, sjå § 7c
Jørpelandselva	Strand	Laks	15. juli – 31. august, torsdag til og med søndag
Årdalselva	Hjelmeland	Laks	1. juni - 31. august, onsdag til og med søndag
Hjelmelandselva	Hjelmeland	Laks	1. august – 31. august
Vorma	Hjelmeland	Laks	15. juni - 31. august
Førre	Hjelmeland		Ikkje opna for fiske
Ulla	Hjelmeland	Laks	15. juni - 31. august, torsdag til og med søndag
Hålandselva	Suldal	Laks	15. juni - 31. august
Suldalslågen	Suldal	Laks	20. juli - 30. september, sjå § 7d

Nordelva	Sauda		Ikkje opna for fiske
Storelva	Sauda		Ikkje opna for fiske
Vikedalselva	Vindafjord		Ikkje opna for fiske
Rødneelva	Vindafjord		Ikkje opna for fiske
Åmselva	Vindafjord		Ikkje opna for fiske
Svensbøelva	Vindafjord	Laks	1. august - 31. august
Vågselva	Vindafjord	Laks	1. august - 31. august
Oselva	Vindafjord		Ikkje opna for fiske
Kvaleelva	Haugesund		Ikkje opna for fiske
Grindeelva	Tysvær		Ikkje opna for fiske

§ 3. Døgnkvote

Døgnkvoten er 3 laks og/eller sjøaure (totalt 3 fisk) for elvane i Rogaland.

Kvoten er personleg og følgjer fiskekortdøgnet eller kvar dato for helg, veke og sesongkort. Når ein fiskar har nådd døgnkvoten, skal fisket straks opphøyre. Rettshavarane står fritt til å redusere denne kvoten.

Laks som har uomtvistelege ytre kjenneteikn på å vere rømd oppdrettslaks, blir ikkje rekna inn i kvoten.

For Sira, Bjerkreimselva og Suldalslågen gjeld eigne kvoter, sjå § 7a), 7b) og 7d).

§ 4. Krokingsforbod

Det er ikkje lovleg å fiske på ein slik måte at fisk blir kroka. Dersom ein krokar fisk og dette skuldast måten eller staden ein fiskar på, skal fisket straks ta slutt.

§ 5. Forbod mot fiske av vinterstøing

Det er ikkje tillate å fiske vinterstøingar av laks og sjøaure. Støingar som likevel blir fanga, skal straks setjast ut mest mogleg uskadd.

§ 6. Fiske etter innlandsfisk i vatn med laks eller sjøaure

I Rogaland er det i vatn med laks eller sjøaure tillate å fiske innlandsfisk med stong og handsnøre heile året. Det er ikkje tillate å fiske etter ål. Utanom fisketida for laks og sjøaure er det ikkje tillate å fiske nærare elveos enn 100 m. Laks eller sjøaure fanga utanom sesongen skal straks settast ut at mest mogleg uskadd.

Fylkesmannen kan opne for fiske med anna reiskap enn stong og handsnøre i vatn med laks eller sjøaure. Det vil bli stilt krav om lokal driftsplan og fangstrapportering.

Kapittel 2. Særlege fiskereglar

§ 7a. Særlege reglar for Sira

I Sira er det ein døgnkvote på 1 laks. Laks som har uomtvistelege ytre kjenneteikn på å vere rømd oppdrettslaks blir ikkje rekna inn i kvoten.

§ 7b. Særlege reglar for Bjerkreimselva

I Bjerkreimselva er det ein døgnkvote på 2 laks og/eller sjøaure i juni. I resten av sesongen er det ein døgnkvote på 3 laks og/eller sjøaure. Laks som har uomtvistelege ytre kjenneteikn på å vere rømd oppdrettslaks blir ikkje rekna inn i kvoten.

§ 7c. Særlege reglar for Lyseelva

I Lyseelva er det ein total fangstkvote på 40 villaks og 150 sjøaure. Når kvoten er nådd blir elva stengd for fiske. Laks som har uomtvistelege ytre kjenneteikn på å vere rømd oppdrettslaks blir ikkje rekna inn i kvoten.

§ 7d. Særlege reglar for Suldalslågen

I Suldalslågen er det ein døgnkvote på 1 villaks over 75 cm, totalt 3 laks per døgn. Laks som har uomtvistelege ytre kjenneteikn på å vere rømd oppdrettslaks blir ikkje rekna inn i kvoten.

§ 8. Krav om fangstrapportering

Alle som fiskar laks og/eller sjøaure skal rapportere fangstresultata på fastsett måte. Den som eig fiskeretten er pliktig å melde inn fangsten innan fastsett frist.

§ 9. Fredingssoner i vassdrag

I fredingssonene er alt fiske forbode. Grensene for dei freda områda er merkte med boltar eller røyr. Alle som fiskar nær fredingssonene, pliktar å gjere seg kjende med sonegrensene før fisket tek til.

Bjerkreimselva

Ved laksetrappene i Fotlandsfossen, Eigersund kommune.

- Ovanfor fossen:

Det området som ligg nedanfor ei rett line frå eit merka punkt i ein fjellnakke på vestre side av elva, ca. 50 m ovanfor luka til den nye trappa, rett over elva til eit tilsvarande punkt i ei firkanta fjellblokk på motsett side av elva.

- Nedanfor fossen:

Det området som ligg ovanfor ei rett line frå eit merka punkt på ein framstikkande fjellkam ca. 3 m nedanfor bolten i fjellet og ca. 6 m nedanfor nedre side av den nye trappa, over nedre kant av den såkalla «Vassteinen » til eit tilsvarande punkt på motsett side av elva.

Håelva

I Fotlandsfossen, Time kommune.

- Ovanfor trappa:

Det området som ligg nedanfor ei rett line dregen over elva parallelt med vegbrua 20 m frå næraste kant.

- Nedanfor trappa:

Det området som ligg ovanfor ei rett line dregen tvers over elva 30 m frå utlaupet av den gamle trappa.

Ved Stemmen nedanfor Fotlandsfossen, Time kommune.

- Nedanfor Stemmen, mellom stemmuren og ei rett line trekt parallelt med muren over elva frå toppen av ein stor stein på vestre breidd, ca. 15 m nedanfor.

Ulla

Ved laksetrappa i Storhoggfossen, Hjelmeland kommune

- Ovanfor trappa:

Den delen av elva som ligg nedanfor ei rett line trekt frå eit rissa kryss i fjellet på vestre side av elva, om lag 20 m ovanfor lukestammen i inntaket til trappa, til eit tilsvarande kryss i fjellet på austre breidd.

- Nedanfor trappa:

Den delen av elva som ligg nedanfor ei rett line trekt frå eit rissa kryss i fjellet på vestre side av elva, om lag 15 m frå utlaupet av laksetrappa, til eit tilsvarande kryss i fjellet på vestre breidd.

Vikedalselva (Vindafjord kommune)

Ved laksetrappa i Opsalfossen

- Ovanfor trappa:

Området nedanfor ei rett line dregen tvers over elva frå midten av bekkeosen på venstre side av elva. Om lag 35 m ovanfor innlaupet til trappa.

- Nedanfor trappa:

Området ovanfor ei rett line dregen frå søre hjørne av Opsal sagbruk til eit punkt på «Skjeret» merka med jernbolt. Vidare frå denne bolten til munninga av bekken på sørsida av elva, om lag 25 m aust for sagbruket.

I Håla

- På gnr. 44 bnr. 6. Området mellom ei line trekt frå søre spissen av Holmen rett vest over straumen til fastlandet og ei line trekt frå nordre spissen av Holmen rett nord til fastlandet.

Ved laksetrappa i Ørnesfossen

- Ovanfor trappa:

Området nedanfor ei rett line trekt frå eit rissa kryss i fjellet på høgre side av elva og over til eit liknande kryss på venstre side. Lina går over to store steinar ute i elva, om lag 60 m ovanfor innlaupet til trappa.

- Nedanfor trappa:

Området ovanfor ei rett line frå eit rissa kryss i fjellet på høgre side av elva og over til eit liknande kryss i fjellet på venstre side av elva. Begge kryssa ligg om lag 40 m frå utlaupet av trappa.

§ 10 Spesielle reglar i fiskesesongen

Fylkesmannen kan straks stoppe fisket når vassføring, fangstrapportering eller andre særlege forhold tilseier det.

Kapittel 3. Dispensasjon, straff og ikraftsetjing

§ 11. *Dispensasjon*

Fylkesmannen kan i særlege tilfelle dispensere frå reglane i denne forskrifta.

§ 12. *Straff*

Brot på denne forskrifta er straffbart, jf. lov av 15. mai 1992 nr. 47 om laksefisk og innlandsfisk m.v., § 49.

§ 13. *Ikraftsetjing*

Forskrifta trer i kraft straks. Samtidig blir forskrift av 27. februar 2008 nr. 183 om fiske i vassdrag med laks og sjøaure, Rogaland oppheva.